

## Vedlegg 3 Tilleggsutgreiing barnehage- og skulebruksplan Suldal

### Minimumsstandardar for reelle alternativ



## Samandrag – kva er reelle og forsvarlege strukturalternativ?

Vedlegget avklarar kva som skal til for at eit skulestrukturalternativ i Suldal kan reknast som både lovleg, forsvarleg og fagleg berekraftig. Vurderingane byggjer på lov- og forskriftskrav, tekniske tilstandsvurderingar, kapasitetsanalysar, fagmiljøvurderingar og tidlegare utgreiingar i planarbeidet. Minimumskrava er absolutte; blir dei ikkje oppfylte, fell alternativet bort. Kvalitetskrava blir brukte for å skilje mellom dei alternativa som faktisk er reelle.

Gjennomgangen viser eit tydeleg skilje mellom alternativa:

- Alt 0 og 0+ fell bort fordi dei ikkje løyser dei grunnleggjande utfordringane i bygningsmasse, kapasitet og fagmiljø.
- Alt 2a og 2b gir for liten strukturell effekt til å vere forsvarlege.
- Alt 3, 4, 5 og 6 oppfyller minimumskrava og kan reknast som reelle, men med ulike styrkar og svakheiter.

Eignaheitsvurderingane viser at fleire av dagens bygg har alvorlege avvik innan inn klima, tryggleik, universell utforming og vedlikehald. Erfjord, Jelsa og Marvik krev svært store investeringar for å kome opp på forsvarleg nivå. Alternativ som vidarefører mange små og krevjande bygg, blir difor vurderte som uforsvarlege.

Dagens struktur har berre 59 % utnytingsgrad, og fem av seks skular ligg under 60 %. Dette er ikkje berekraftig. Reelle alternativ må ligge nær 75–85 %, som er fagleg tilrådd nivå. Alternativa 3–6 bryt med dagens mønster og gir ei meir samla og robust kapasitetsutnytting.

Små einingar har sårbar kompetanse, høgare bruk av dispensasjonar og svakare profesjonsfelleskap. Dette er dokumentert både i kvalitetsmeldinga og i tidlegare analysar. Berre alternativa 3–6 gir fagmiljø som er store nok til å vere stabile over tid.

Alternativ 0+ er det klart dyraste, utan strukturell gevinst. Alternativ 2a og 2b gir låg kost–nytte fordi dei ikkje reduserer bygningsmassen nok. Alternativ 4 gir best samla balanse mellom investering, drift og kvalitet. Alternativ 5 er økonomisk mest gunstig, men har andre faglege og strukturelle svakheiter.

Alt 4 har noko høgare skysskostnader, men gir ei samla sett robust løysing. Alt 5 og 6 gir lengre reiseveg for fleire elevar og løyser ikkje barnehagestrukturen i sør. Vurderinga av barns beste peikar særleg på betydninga av stabile fagmiljø, trygge bygg og føreseieleg kvardag.

### Konklusjon

- Reelle alternativ må redusere tal bygg, styrkje fagmiljøa og gi høgare kapasitetsutnytting.
- Dagens struktur er ikkje forsvarleg, støttar ikkje minstekrava og kan ikkje vidareførast.
- Berre alternativa 3–6 oppfyller minimumskrava.
- Alternativ 4 gir den mest robuste og framtidsretta strukturen.
- Alternativ 5 og 6 er reelle, men har tydelege avgrensingar knytt til reiseveg og barnehagestruktur.
- Alternativ 3 er fagleg solid, men noko svakare samla effekt enn alt 4.

Alternativ	Reelt?	Grunngjeving
0	Nei	Store avvik i bygg, låg utnytting, små fagmiljø
0+	Nei	Kostbart, ingen strukturell gevinst
2a	Nei	For liten effekt, sårbare fagmiljø står att
2b	Nei	For liten effekt, høg sårbarheit
3	Ja	Bra balanse mellom bygg, fagmiljø og økonomi
4	Ja	Best samla balanse og høgast strukturell gevinst
5	Ja	Økonomisk mest gunstig. Samlar fagmiljø. Noko lang reisetid. Løyer ikkje dei strukturelle utfordringane for barnehage i sør.
6	Ja	Reelt, men noko høgare investeringar og skysskostnader, samt større usikkerheit knytt til effektar for lokalmiljø. Løyer ikkje dei strukturelle utfordringane for barnehage i sør.

## ► Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing og rammer for analysen</b>	<b>6</b>
1.1	Tema i analysen	6
<b>2</b>	<b>Økonomi</b>	<b>7</b>
2.1	Overordna økonomiske premissar	7
2.2	Vurdering av alternativa	7
2.2.1	Samla vurdering per alternativ	8
<b>3</b>	<b>Kapasitet</b>	<b>10</b>
3.1	Utgangspunkt: Kapasitet og utnytting skuleåret 2024/25	10
3.2	Oppdatert situasjon: 2025/26 (Alt 0)	10
3.3	Føresetnader og metode	12
3.4	Intern utnyttingsgrad per skule i kvart alternativ (prosent belegg av maksimal kapasitet)	13
3.5	Analyse kapasitet	14
3.5.1	Føringar som påverkar vurderinga	14
3.6	Vurdering av kapasitet per alternativ	15
<b>4</b>	<b>Bygg og fysisk miljø</b>	<b>16</b>
4.1	Minimumskrav for forsvarlege skulebygg	16
4.2	Status i dagens bygningsmasse	17
4.3	Vurdering av alternativa	17
4.4	Samla vurdering	18
<b>5</b>	<b>Skulestorleik, læringsmiljø og resultat</b>	<b>20</b>
5.1	Minimumskrav til skulestorleik og læringsmiljø	20
5.1.1	Nasjonale føringar	20
5.1.2	Forsking og nasjonale prøvar	20
5.1.3	Status i Suldal	20
5.2	Minimumskrav til fagmiljø, kompetanse og drift	20
5.3	Vurdering av alternativa	21
5.4	Samla vurdering	22
<b>6</b>	<b>Kompetanse og robuste fagmiljø</b>	<b>23</b>
6.1	Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ	23
6.1.1	Kompetanse	23

6.1.2	Profesjonsfellesskap og fagmiljø	23
6.1.3	Laget rundt eleven	23
6.1.4	Leiing	23
6.2	Vurdering av alternativ i lys av minimumsstandardane	24
<b>7</b>	<b>Reiseveg og tryggleik</b>	<b>25</b>
7.1	Rettsleg og fagleg ramme for reiseveg og tryggleik	25
7.2	Vurdering av alternativa	26
7.3	Samla vurdering og minimumsstandardar	27
7.3.1	Minimumsstandardar – kva må vere på plass for at eit alternativ skal vere reelt?	27
7.4	Oppsummerande tabell – reiseveg og tryggleik	28
<b>8</b>	<b>Barns beste</b>	<b>29</b>
8.1	Rettsleg og fagleg ramme	29
8.2	Forskningsgrunnlag knytt til barns beste	29
8.3	Operasjonalisering av minimumsstandardar	30
8.4	Vurdering av alternativa opp mot minimumsstandardane	31
8.5	Oppsummering	31
<b>9</b>	<b>Kjelder</b>	<b>32</b>

# 1 Innleiing og rammer for analysen

Dette vedlegget fastset minimumsstandardar for kva som kan reknast som reelle og forsvarlege skulestrukturalternativ i Suldal kommune. Vurderingane byggjer på gjeldande lov- og forskriftskrav, samt faglege kriterium knytt til kapasitet, læringsmiljø, byggmessig tilstand, reiseveg, tryggleik og robuste fagmiljø. Formålet er å avklare kva som må vere oppfylt for at eit alternativ skal vere forsvarleg, og kva som kjenneteiknar ei struktur som gir eit framtidsretta og berekraftig skuletilbod. Vedlegget skal gi eit felles grunnlag for samanlikning av alternativa og støtte politiske val i den vidare prosessen.

Arbeidet er del av tilleggsutgreiinga til barnehage- og skulebruksplanen. Mandatet omfattar vurdering av dagens struktur, tidlegare framlagde alternativ og Tysingvatnet som mogleg felles skulelokalisering i sør. Utgreiinga skal klargjere kva som er minimumskrav for at eit alternativ kan reknast som reelt, mellom anna knytt til barns beste, læringsmiljø, kapasitet, kostnad, reiseveg og arbeidsmiljø. Vurderingane er gjennomførte i samarbeid mellom Norconsult og administrasjonen i Suldal kommune.

Analysen omfattar berre skule, i tråd med politisk avgrensing. Eit alternativ kan berre reknast som reelt dersom løysingane for kvar skule og strukturen som heilskap er forsvarleg. Alternativ som vart grovsila ut i førre utgreiing, er ikkje vurderte vidare, då grunngevingane framleis står seg. Det einaste nye alternativet i denne runden er alternativ 6, ny skule i sør (Tysingvatnet).

I vurderinga er det avgjerande å skilje mellom to nivå:

- **Minimumskrav:** krav som må vere oppfylte for at eit alternativ skal vere lovleg og forsvarleg. Desse følgjer direkte av lovverk, forskrift og faglege standardar.
- **Kvalitetskrav:** krav som går utover minimum, og som er relevante for å vurdere om eit alternativ gir eit godt og framtidsretta skuletilbod.

Minimumskrava må vere oppfylte for at eit alternativ i det heile kan vurderast vidare. Kvalitetskrava blir nytta for å samanlikne og rangere dei alternativa som faktisk er reelle.

## 1.1 Tema i analysen

I samarbeid med kommunen er følgjande tema vurderte som nødvendige for å avgjere om eit alternativ er reelt og forsvarleg:

- **Økonomi** – investeringsbehov, driftskostnader og strukturell effekt.
- **Kapasitet** – utnyttingsgrad, dimensjonering og robustheit over tid.
- **Bygg og fysisk miljø** – teknisk tilstand, inneklima, tryggleik, universell utforming og vedlikehald.
- **Skulestorleik, læringsmiljø og læringsresultat** – faglege og pedagogiske føresetnader.
- **Kompetanse og robuste fagmiljø** – profesjonsfellesskap, rekruttering, leiing og tilgang til støttetjenester.
- **Reiseveg og tryggleik** – konsekvensar for elevane sin kvardag og krav til forsvarleg skyss.
- **Barns beste** – samla vurdering av korleis alternativa påverkar elevane sitt læringsmiljø, tryggleik, kvardag og utviklingsmoglegheiter.

## 2 Økonomi

Dette kapittelet vurderer dei økonomiske konsekvensane av dei ulike strukturalternativa, med utgangspunkt i både investeringsbehov og langsiktige driftskostnader. Vurderingane byggjer på teknisk tilstand, kapasitetsforhold, kostnadsnivå i dagens struktur og dokumenterte utfordringar knytt til vedlikehald og drift.

Formålet er ikkje berre å samanlikne kostnadsnivå, men å vurdere kva effekt kommunen faktisk får igjen for investeringane. Eit sentralt skilje i analysen går mellom alternativ som vidarefører eksisterande struktur med høge kostnader, og alternativ som gir reelle strukturelle endringar med varig effekt på drift, kapasitet og kvalitet.

Kapittelet må sjåast i samanheng med vedlegg 1, som dokumenterer dei prissette konsekvensane og utgjør det talmessige grunnlaget for vurderingane.

### 2.1 Overordna økonomiske premisser

Suldal kommune har i dag ein skulestruktur prega av stor bygningsmasse i forhold til elevtal, fleire bygg med betydeleg vedlikehaldsetterslep og høge driftskostnader i små einingar. Samstundes står kommunen overfor fallande elevtal og ein meir krevjande rekrutteringssituasjon.

Desse forholda inneber at dagens struktur gir eit høgt kostnadsnivå utan tilsvarande kvalitet eller kapasitetsutnytting, og at investeringsbehovet vil auke dersom strukturen blir vidareført.

På denne bakgrunnen må eit økonomisk realistisk alternativ oppfylle fleire krav samstundes. Det må redusere framtidig investerings- og vedlikehaldsbehov, gi meir effektiv drift gjennom betre kapasitetsutnytting og bidra til meir robuste fagmiljø. Samstundes må tiltaka gi varig effekt over tid, ikkje berre mellombelse innsparingar.

### 2.2 Vurdering av alternativa

For å sikre eit tydeleg og etterprøvbart samanlikningsgrunnlag er alternativa vurderte langs tre dimensjonar:

1. kostnadsnivå
2. strukturell effekt
3. kost–nytte.

Analysen viser eit klart skilje mellom alternativ som berre gir avgrensa økonomisk effekt, og alternativ som inneber reelle strukturelle endringar med varig verknad på drift og kvalitet.

#### Overordna skiljelinjer

Alternativ 0, 0+, 2a og 2b gir i hovudsak avgrensa strukturell effekt. Dei reduserer i liten grad bygningsmassen eller sårbarheita i små einingar, og gir dermed låg avkastning på investeringane.

Alternativ 3–6 inneber derimot meir omfattande strukturelle grep. Desse alternativa reduserer tal bygg, aukar kapasitetsutnyttinga og styrkjer fagmiljøa. Det gir betre føresetnader for varig reduksjon i driftskostnader og meir effektiv ressursbruk.

## 2.2.1 Samla vurdering per alternativ

Alternativ	Kostnadsnivå	Effekt	Hovudutfordring	Samla vurdering
0 Dagens struktur	Lågt på kort sikt	Ingen reell effekt	Store framtidige investeringsbehov og høg risiko for akutte tiltak	Ikkje økonomisk berekraftig og ikkje reelt
0+ Oppgradert bygningsmasse	Svært høgt	Ingen strukturell effekt	Store investeringar utan reduksjon i tal bygg eller driftskostnader	Låg kost–nytte, ikkje reelt
2a Nedlegging av Nesflaten	Moderat	Avgrensa effekt	For liten reduksjon i bygg og vidareføring av sårbare einingar	For låg effekt av investeringane, ikkje reelt
2b Nedlegging Jelsa	Moderat	Avgrensa effekt	Fragmentert struktur og framleis låg kapasitetsutnytting	Svak kost–nytte, ikkje reelt
3 2a+ 2b	Moderat	Høg effekt	Ikkje økonomisk synergi pga. manglande kopling mellom skule og barnehage	God balanse mellom investering og effekt, reelt
4 Tre oppvekstsenter	Moderat–høgt	Svært høg effekt	Noko auka skysskostnader ved båtskyss	Best samla balanse mellom økonomi, kvalitet og berekraft, reelt
5 Omfordeling til eksisterande einingar	Lågt–moderat	Høg effekt	Kan vere noko knapp kapasitet og fare for tilleggsinvesteringar dersom fleire elevar til Sand	Økonomisk mest gunstig, reelt
6 Ny skule ved Tysingvatnet	Moderat	Høg effekt	Høgare investeringar og større skyssutgifter ved kompenserande tiltak.	Reelt, men mindre balansert enn alternativ 4

### Presisering av vurderingsgrunnlaget

Eit sentralt funn er at økonomisk gjennomførbarheit åleine ikkje er tilstrekkeleg for å vurdere eit alternativ som reelt. Alternativ 2a og 2b er døme på dette: sjølv om dei kan gjennomførast innanfor akseptable kostnadsrammer, gir dei for liten reduksjon i bygningsmasse og for avgrensa styrking av fagmiljø til å gi varig effekt.

Det er først når investeringane bidreg til reell strukturell endring – gjennom færre bygg, høgare kapasitetsutnytting og meir robuste einingar – at alternativa gir tilfredsstillande kost–nytte.

### Samla vurdering

Analysen viser at:

- Alternativ 0 og 0+ fell bort som følge av manglande økonomisk berekraft og låg effekt av investeringar
- Alternativ 2a og 2b gir for liten strukturell gevinst til å forsvare investeringane
- Alternativ 3–6 er økonomisk realistiske og gir reell strukturell effekt

Blant dei reelle alternativa peikar alternativ 4 seg ut med den beste samla balansen mellom investering, drift, kvalitet og berekraft. Alternativ 5 gir dei lågaste kostnadene, medan alternativ 6 gir god bygningsmessig standard, men med høgare investeringar og skyssbehov.

### 3 Kapasitet

Dette kapitlet vurderer kapasitet og utnyttingsgrad i skulestrukturen, med utgangspunkt i faktisk utvikling i elevtal og dokumentert kapasitet per skule.

Analysen er bygd opp i tre steg:

1. utvikling frå skuleåret 2024/25 til 2025/26 (dagens struktur)
2. tolking av kapasitetsprofilen i dagens struktur
3. vurdering av korleis dei ulike alternativa endrar denne profilen

#### 3.1 Utgangspunkt: Kapasitet og utnytting skuleåret 2024/25

Førre rapport dokumenterer følgende situasjon:

Skule	Elevtal 24/25	Maksimal kapasitet	
		Antal elevar	Utnyttingsgrad
Nesflaten skule	15	47	32 %
Marvik skule	27	79	34 %
Erfjord skule	72	144	50 %
Jelsa skule	17	44	39 %
Sand skule	283	352	80 %
Vinjar skule	97	178	54 %
<b>Sum</b>	<b>511</b>	<b>844</b>	<b>61 %</b>

Figur 1 Kapasitet og utnyttingsgrad skuleåret 2024/25

Hovudtrekka:

- samla utnyttingsgrad: ca. 60 %
- 5 av 6 skular under 60 %
- berre Sand ligg nær funksjonelt nivå (80 %)

Dette viser at låg utnytting ikkje er knytt til éin eller nokre skular, men til strukturen som heilskap.

#### 3.2 Oppdatert situasjon: 2025/26 (Alt 0)

Oppdatert elevtal gir følgende bilete:

Skule	Elevtal 25/26	Tal elevar	Utnyttingsgrad
Nesflaten skule	11	47	23 %
Marvik skule	26	79	33 %
Erfjord skule	73	144	51 %

Jelsa skule	21	44	48 %
Sand skule	270	352	77 %
Vinjar skule	94	178	53 %
<b>Sum</b>	<b>495</b>	<b>844</b>	<b>59 %</b>

Elevtalet har minka dette skuleåret, og utnyttingsgraden er dermed lågare.

- samla elevtal: Frå 511 til 495
- samla utnytting: Frå 61 % til 59 %

Når ein ser utviklinga frå 2024/25 til 2025/26 samla, er hovudbiletet at utnyttingsgraden er låg, og endringane i elevtal forsterkar mønsteret. Fleire av einingane ligg over tid på eit nivå under 50–60 prosent. Elevgrunnlaget er for spreidd mellom einingane til at areal og ressursar kan utnyttast effektivt.

### 3.3 Føresetnader og metode

Samla elevtal 25/26: 495. Vi reknar alltid frå maksimal kapasitet i kvart alternativ

#### Historisk maksimal kapasitet (Alt 0) per skule

- Sum Alt 0 = 844: Nesflaten 47; Marvik 79; Erfjord 144; Jelsa 44; Sand 352; Vinjar 178.
- Sum Alt 0+ = 732: Justert kapasitet frå Alt 0+ (rive-ombyggingsbehov): Marvik 40; Jelsa 40; Erfjord 75. Andre uendra: Nesflaten 47; Vinjar 178; Sand 352.

#### Nye bygg i nye alternativ

- Ny Kjølvik (oppvekstsenter): 50 (sambruk barnehage gir større funksjonell kapasitet).
- Stølane oppvekstsenter
  - Alt 4: Erfjord: Kapasitet: 75
  - Alt 5: Erfjord + Jelsa: 100
- Tysingvatnet (ny skule i Alt 6): hovudscenario 150. Kapasitet på 140 bør vurderast. (Tysingvatnet vil ha 120 tilordna elevar i Alt 6.)

$$\text{Utnyttingsgrad} = \frac{\text{samla elevtal}}{\text{samla maksimal kapasitet}} \times 100\%.$$

Mål: intern utnytting per skule 80–90 % (Norconsult erfaringstal frå kapasitetsvurderingar av skular). Kommunen samla bør nærme seg same nivå. Vurderinga nedanfor viser kor nærme kvart alternativ kjem dette målet.

### 3.4 Intern utnyttingsgrad per skule i kvart alternativ (prosent belegg av maksimal kapasitet)

Tabell A viser intern utnyttingsgrad per skule i dei ulike alternativa, basert på elevtal for skuleåret 2025/26 og maksimal kapasitet i kvart alternativ. Tabellen synleggjer korleis elevgrunnlaget er fordelt mellom einingane, og korleis dette slår ut i utnyttingsgrad per skule.

Føremålet er å vurdere om alternativa gir ein struktur der kapasiteten blir utnytta på ein måte som er fagleg og driftsmessig forsvarleg. Tabellen må lesast som eit uttrykk for kor robuste dei ulike strukturane er, ikkje berre som eit mål på samla kapasitetsnivå.

Skule / alternativ	Alt 0	Alt 0+	Alt 2a	Alt 2b	Alt 3	Alt 4	Alt 5	Alt 6
<b>Nesflaten</b>	11/47 = 23,4 %	11/47 = 23,4 %	Inngår i Vinjar	11/47 = 23,4 %	Inngår i Vinjar	Inngår i Vinjar	Inngår i Vinjar	Inngår i Vinjar
<b>Vinjar</b>	94/178 = 52,8 %	94/178 = 52,8 %	105/178 = 59,0 %	94/178 = 52,8 %	105/178 = 59,0 %	105/178 = 59,0 %	105/178 = 59,0 %	105/178 = 59,0 %
<b>Sand</b>	270/352 = 76,7 %	270/352 = 76,7 %	270/352 = 76,7 %	270/352 = 76,7 %	270/352 = 76,7 %	270/352 = 76,7 %	296/352 = 84,1 %	270/352 = 76,7 %
<b>Erfjord / Stølane</b>	73/144 = 50,7 %	73/75 = 97,3 %	73/75 = 97,3 %	73/75 = 97,3 %	73/75 = 97,3 %	73/75 = 97,3 %	94/100 = 94,0 %	Inngår i Tysingvatnet
<b>Jelsa</b>	21/44 = 47,7 %	21/40 = 52,5 %	21/40 = 52,5 %	Inngår i Kjølvik	Inngår i Kjølvik	Inngår i Kjølvik	Inngår i Stølane	Inngår i Tysingvatnet
<b>Marvik</b>	26/79 = 32,9 %	26/40 = 65,0 %	26/40 = 65,0 %	Samla i Kjølvik	Samla i Kjølvik	Samla i Kjølvik	Inngår i Sand	Inngår i Tysingvatnet
<b>Kjølvik (ny)</b>	—	—	—	47/50 = 94,0 %	47/50 = 94,0 %	47/50 = 94,0 %	—	—
<b>Tysingvatnet (ny)</b>	—	—	—	—	—	—	—	120/150 = 80,0 %
<b>Sum (kommune)</b>	495 / 844 = 58,7 %	495 / 732 = 67,6 %	495 / 685 = 72,3 %	495 / 702 = 70,5 %	495 / 655 = 75,6 %	495 / 655 = 75,6 %	495 / 630 = 78,6 %	495 / 680 = 72,8 %

Tabellen viser eit tydeleg skilje mellom alternativa:

- I dagens struktur og i alternativ 0+, 2a og 2b ligg fleire skular stabilt under 60 prosent utnytting. Dette indikerer ein struktur der kapasiteten er spreidd på for mange einingar med for lågt elevgrunnlag.
- Frå og med alternativ 3 skjer det eit brot i dette mønsteret. Talet på skular med låg utnytting blir redusert, og kapasiteten blir i større grad samla i færre og meir robuste einingar.
- Alternativ 5 skil seg ut ved å gi høgast samla utnytting, og ved at alle sentrale einingar ligg høgt i utnytting. Alternativ 6 gir ei jamnare fordeling, men med noko lågare samla utnytting.

## 3.5 Analyse kapasitet

Det som først og fremst skil alternativa, er kor mange skular som blir liggande med låg utnytting. I alternativ der fleire einingar over tid ligg under om lag 60 prosent, bind ein opp ressursar i bygg som i liten grad blir utnytta. Dette er særleg tydeleg i alternativ 0, 0+ og 2-alternativa. Når fleire skular nærmar seg om lag 80–90 prosent utnytting, gir det ein betre samanheng mellom areal og aktivitet. Her skil særleg alternativ 4, 5 og 6 seg ut.

Samstundes er det ikkje tilstrekkeleg å sjå på samla utnytting aleine. Fordelinga mellom einingane er avgjerande. Alternativ 5 gir gjennomgåande høg utnytting, men med ein relativt stram struktur. Alternativ 6 har noko lågare utnytting samla sett, men ei jamnare fordeling mellom skulane.

Ein forsvarleg struktur må ha både eit tilstrekkeleg høgt utnyttingsnivå, og vere robust nok til å handtere variasjonar i elevtal over tid.

### 3.5.1 Føringer som påverkar vurderinga

#### 1. Alt 0+ har allereie redusert kapasitet

I alternativ 0+ er det allereie lagt til grunn riving og reduksjon i bygningsmasse. Det betyr at delar av overkapasiteten er teken vekk før ein samanliknar seinare alternativ

#### 2. Kapasiteten er avhengig av faktisk dimensjonering av bygga

Den faktiske kapasiteten i alternativa vil i praksis avhenge av korleis nye bygg blir dimensjonerte og kva funksjonell kapasitet ein legg til grunn.

Tabellen viser difor eit samanliknbart nivå, men ikkje eit endeleg prosjekteringsgrunnlag

#### 3. Vinjar har vedvarande overkapasitet i alle alternativa

Vinjar ligg i alle alternativa frå 53–59 % utnytting. Dette er eit bevisst premiss fordi bygget er relativt nyrenovert og bygningsstrukturen er samansett. Det er difor ikkje føreslått kostnadskrevjande ombygging eller riving.

Konsekvensen er at noko overkapasitet blir vidareført i alle alternativ, noko som trekk ned samla utnytting.

For å illustrere betydninga av Vinjar, er det rekna eit forenkla scenario der kapasiteten ved Vinjar blir justert slik at utnyttingsgraden blir 85 %.

For å illustrere betydninga av Vinjar, er det rekna eit forenkla scenario der kapasiteten ved skulen blir redusert slik at utnyttingsgraden ligg på om lag 85 prosent.

For eit elevtal på rundt 95–105 elevar inneber dette ein maksimal kapasitet på om lag 110–120 plassar, mot dagens 178 plassar. Dette tilsvarar ein reduksjon på om lag 60–70 plassar.

Ein slik avgrensa reduksjon gir ein tydeleg effekt på kommunenivå, med ein auke i samla utnyttingsgrad på om lag 4–5 prosentpoeng. Dette viser at ein vesentleg del av restoverkapasiteten i strukturen er knytt til éi større eining.

### 3.6 Vurdering av kapasitet per alternativ

Alternativ	Samla utnytting	Skular < 60 %	Skular 80–90 %	Vurdering
Alt 0	Svært låg	Mange	Ingen	Ikkje forsvarleg
Alt 0+	Låg	Fleire	Få	Svak
Alt 2a	Moderat	Nokre	Få	Avgrensa realisme
Alt 2b	Moderat	Nokre	Nokre	Avgrensa realisme
Alt 3	Relativt god	Få	Fleire	Reelt
Alt 4	God	Få	Fleire	Godt og balansert
Alt 5	Høg	Svært få	Fleire	Effektivt, men stramt
Alt 6	Moderat–god	Få	Fleire	Balansert

#### Alt 0 og 0+

Viderefører ein struktur med fleire skular med låg utnytting. Oppfyller i liten grad kravet til robuste og forsvarlege alternativ.

#### Alt 2a og 2b

Gir noko betre utnytting, men beheld fleire strukturelle svakheiter. Framstår som overgangsalternativ, men ikkje fullt ut robuste.

#### Alt 3

Bryt med dagens mønster og reduserer talet på svake einingar. Oppfyller minimumskrav til realisme.

#### Alt 4

Gir ein jamn og balansert struktur med god kapasitetsutnytting. Framstår som eit robust og fagleg godt alternativ.

#### Alt 5

Gir høgast samla utnytting og effektiv struktur. Samstundes relativt stramt, med mindre buffer for variasjonar i kullstorleik.

#### Alt 6

Gir ein meir balansert struktur enn Alt 5, med noko lågare utnytting, men betre robustheit over tid.

## 4 Bygg og fysisk miljø

Dette kapitlet vurderer om dei ulike alternativa oppfyller minimumskrava for forsvarlege skulebygg. Vurderingane byggjer på tekniske tilstandsvurderingar, eignaheitsanalysar og dokumenterte avvik frå regelverk. Dersom eit bygg ikkje kan bringast opp til lov- og forskriftskrav innan rimeleg tid og med realistiske investeringar, fell alternativet bort.

### 4.1 Minimumskrav for forsvarlege skulebygg

For at eit skulestrukturalternativ skal vere forsvarleg, må alle bygg som inngår oppfylle grunnleggjande krav til helse og miljø, tryggleik, universell utforming, funksjonalitet og drift. Krava er absolutte. Dersom eitt bygg ikkje kan førast opp til forsvarleg nivå, fell alternativet som heilskap. I tillegg må alle bygg kunne godkjennast etter forskrift om miljørettet helsevern i barnehagar og skular.

#### Helse og miljø

Skulebygga må vere helsemessig tilfredsstillande. Det betyr at inneklima, ventilasjon, fuktforhold, lys, støy og sanitære forhold skal vere i orden, og at det ikkje ligg føre kjende avvik som ikkje er handtert. Dersom det finst forhold som avvik frå faglege normer, må kommunen kunne dokumentere at desse er kompenserte på ein fagleg forsvarleg måte. Bygg som har uavklarte fuktproblem, mangelfull ventilasjon, radonfunn utan tiltak eller andre kjende helseutfordringar, kan ikkje inngå i eit reelt alternativ.

#### Trygt og godt skulemiljø

Bygga skal gi elevane eit trygt og godt skulemiljø, slik opplæringslova krev. Det inneber at dei fysiske rammene må støtte opp om både undervisning, pausar og sosialt samvær. Uoversiktlege planløyseringar, dårleg sikt og tronge garderobar er døme på forhold som gjer det vanskeleg å sikre eit trygt miljø. Kommunen må ha reell moglegheit til å oppfylle aktivitets- og handlingsplikta i alle bygg som inngår i alternativet.

#### Universell utforming

Alle elevar skal kunne delta i opplæringa på ein likeverdig måte. Difor må skulebygga vere universelt utforma, både når det gjeld tilkomst, intern flyt, bruk av spesialrom og tilgang til nødvendige støttefunksjonar. Bygg som manglar heis, har utilgjengelege spesialrom, dårleg tilrettelegging for skjerming eller ikkje har rom som kan nyttast for elevar med særskilde behov, oppfyller ikkje krava. Bygg som gjer delar av opplæringa utilgjengeleg for elevar med behov for tilrettelegging, kan ikkje inngå i eit reelt alternativ.

#### Tryggleik og beredskap

Bygga skal vere utforma og drifta slik at dei førebyggjer ulukker og alvorlege hendingar. Det krev oversiktlege løyseringar, gode rømmingsveggar, tilfredsstillande branntryggleik, moglegheit for tilsyn og tilrettelegging for førstehjelp. Uoversiktlege korridorar, mange blindsoner, mangelfull skilting eller utilgjengelege rømmingsveggar er forhold som gjer at eit alternativ ikkje kan reknast som forsvarleg.

#### Drift, vedlikehald og internkontroll

Kommunen må kunne drive bygga på ein systematisk og forsvarleg måte over tid. Det inneber at det skal liggje føre ein vedlikehaldsplan som er realistisk finansiert, og eit system for internkontroll og avviksoppfølging. Alternativ som baserer seg på mellombelse løyseringar, uavklarte tiltak eller vedlikehald som

ikkje er økonomisk gjennomførbart, kan ikkje reknast som reelle. Bygg som berre kan haldast i forskriftsmessig stand gjennom mellombelse tiltak, oppfyller ikkje minimumskrava.

Samla sett må skulebygga:

- vere helsemessig tilfredsstillande, utan uavklarte avvik
- gi eit trygt og godt skulemiljø i tråd med opplæringslova
- vere universelt utforma, eller kunne oppgraderast til dette
- kunne driftast og vedlikehaldast på ein systematisk og berekraftig måte over tid.

Desse krava må vere oppfylte for alle bygg som inngår i eit alternativ.

## 4.2 Status i dagens bygningsmasse

Gjennomgangen av skulebygga viser at fleire av skulane i sør har omfattande manglar både teknisk og funksjonelt. Eignaheitsvurderingane dokumenterer mellom anna:

- **Erfjord skule** har uoversiktleg planløsning, manglande universell utforming, utilstrekkelege garderober, manglande spesialrom og fleire rom som er tatt i bruk til andre formål enn dei er dimensjonerte for.
- **Jelsa oppvekstsenter** har store avvik knytt til universell utforming, slitasje, manglande spesialrom, dårlege garderober og lite funksjonelle støtteareal.
- **Marvik skule** har stort arealoverskot, men også målingar av radon, slitte spesialrom, manglande naturfagrom og lange avstandar som gjer bygget lite funksjonelt.

Desse bygga krev omfattande og kostbare tiltak for å kome opp på eit forsvarleg nivå. I fleire tilfelle er det ikkje berre snakk om oppgradering, men om at bygga i sin grunnstruktur ikkje er eigna for moderne skuleverksemd.

Sand, Vinjar og Nesflaten har bygg som i hovudsak fungerer etter dagens krav, men også her er det behov for oppgraderingar for å sikre både langsiktig oppfylting av minimumskrava og ein framtidretta standard.

## 4.3 Vurdering av alternativa

### Alternativ 0 Dagens struktur

Dette alternativet inneheld fleire bygg som ikkje oppfyller lov- og forskriftskrav. Det ligg føre avvik knytt til inneklima, universell utforming, tryggleik og funksjonalitet. Alternativet fell bort.

### Alternativ 0+ Dagens struktur med oppgraderingar

Her blir alle bygg oppgraderte til forsvarleg standard. Det er teknisk mogleg, men krev store investeringar og eit vedlikehaldsnivå som er vesentleg høgare enn i dag. Alternativet er teknisk mogleg, men gir ingen strukturell gevinst.

### Alternativ 2a og 2b Nedlegging av éin skule

Desse alternativa reduserer bygningsmassen noko, men fleire av dei attverande bygga har framleis store manglar. Oppgraderingsbehovet er omfattande, og ein står igjen med ein struktur som ikkje løyser dei grunnleggjande utfordringane knytt til funksjonalitet, universell utforming og drift. Alternativa kan gjennomførast, men løyser ikkje dei grunnleggjande bygningsmessige utfordringane.

### Alternativ 3 og 4 To skular lagt ned

Desse alternativa reduserer bygningsmassen betydeleg og fjernar fleire av dei bygga som har størst avvik. Attverande bygg kan oppgraderast til god standard, og strukturen blir meir robust og berekraftig. Alternativa oppfyller minimumskrava og gir ein meir robust bygningsstruktur.

### Alternativ 5 Marvik til Sand, Jelsa til Stølane (Erfjord), Nesflaten til Vinjar

Dette alternativet avviklar tre av dei bygga som har størst dokumenterte avvik (Marvik, Jelsa og Erfjord), og flyttar elevane til bygg som anten er nye (Stølane) eller kan oppgraderast til forsvarleg standard (Sand og Vinjar). Løysinga fjernar dei mest krevjande anlegga i dagens struktur, og reduserer risiko knytt til inneklimate, universell utforming, branntryggleik og funksjonalitet. Dei attverande bygga har realistiske oppgraderingsbehov og kan bringast opp til krav innan rimeleg tid. Alternativet oppfyller minimumskrava og gir ei tydeleg forenkling av bygningsstrukturen.

### Alternativ 6 Ny skule ved Tysingvatnet

Dette alternativet erstattar tre av dei mest krevjande bygga med eit nytt, moderne anlegg. Det gir god funksjonalitet, universell utforming og låge framtidige driftskostnader. Alternativet oppfyller minimumskrava og gir eit moderne og funksjonelt anlegg i sør.

## 4.4 Samla vurdering

Gjennomgangen viser at berre alternativa som inneber større strukturelle endringar, alternativa 3, 4, 5 og 6, gir ein bygningsmasse som er forsvarleg, lovleg og berekraftig over tid. Alternativ 0 fell bort fordi fleire bygg ikkje oppfyller grunnleggjande krav per i dag. Alternativ 0+, 2a og 2b er teknisk gjennomførbare, men krev store investeringar for å halde oppe ein struktur som framleis har låg funksjonalitet og høge driftskostnader.

Alternativ som baserer seg på å halde oppe mange små og kostnadskrevjande bygg, vil krevje eit vedlikehaldsnivå som kommunen historisk ikkje har klart å finansiere. Erfaringa viser at kommunen har hatt utfordringar med å halde mange bygg på eit forsvarleg nivå. Ei vidareføring av ein slik struktur inneber same risiko framover.

Eit reelt alternativ må difor ikkje berre vere teknisk mogleg å oppgradere – det må også vere driftsmessig og økonomisk mogleg å halde ved lag. Alternativ som krev at kommunen skal klare noko ein ikkje har klart dei siste tiåra, kan ikkje reknast som forsvarlege.

Konklusjonen er at alternativa 3-6 er dei einaste som fullt ut oppfyller minimumskrava for reelle og forsvarlege strukturalternativ i eit kost-nytte-perspektiv.

Alternativ	Lovleg og helsemessig forsvarleg bygningsmasse?	Universell utforming og tryggleik?	Drifts- og vedlikehaldsmessig berekraft?	Strukturell effekt	Reelt?
<b>0 Dagens struktur</b>	Nei. Fleire bygg har alvorlege avvik (inneklimate, UU, funksjonalitet).	Nei. Uoversiktlege løysingar, manglande UU, mangelfull tryggleik.	Nei. Stort etterslep, ikkje realistisk å halde ved lag.	Ingen	<b>Nei</b>

<b>0+ Dagens struktur med oppgraderingar</b>	Ja. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Krev store investeringar for å nå krav.	Nei. Svært høgt vedlikehaldsnivå over tid, lite realistisk.	Ingen	<b>Nei</b>
<b>2a Nedlegging av Nesflaten</b>	Ja. Teknisk mogleg å oppgradere alle bygg.	Krev store investeringar for å nå krav.	Nei. Omfattande og kostbare tiltak, låg berekraft.	Låg	<b>Nei</b>
<b>2b Samanslåing Jelsa + Marvik til Kjølvik</b>	Ja. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Krev store investeringar for å nå krav.	Nei. Krev store investeringar utan strukturell gevinst.	Låg	<b>Nei</b>
<b>3 Nesflaten til Vinjar, Jelsa + Marvik til Kjølvik</b>	Ja. Dei svakaste bygga fell bort. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Ja. Attverande bygg kan førast opp til god standard.	Ja. Meir berekraftig drift og mindre bygningsmasse.	Høg	<b>Ja</b>
<b>4 Tre oppvekstsenter + Sand 1–10</b>	Ja. Fjerner dei mest krevjande bygga. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Ja. Attverande bygg kan førast opp til god standard.	Ja. Sterk reduksjon i bygningsmasse og betre drift. Låge framtidige driftskostnader. God samanheng med barnehage-struktur	Svært høg	<b>Ja</b>
<b>5 Marvik til Sand, Jelsa til Stølane, Nesflaten til Vinjar</b>	Ja. Fjerner dei mest krevjande bygga.	Ja. Attverande bygg kan førast opp til god standard.	Ja. Sterk reduksjon i bygningsmasse og betre drift. Låge framtidige driftskostnader. Noko knapp restkapasitet	Høg	<b>Ja</b>
<b>6 Ny skule ved Tysingvatnet</b>	Ja. Nytt bygg erstattar tre av dei svakaste. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Ja. Attverande bygg kan førast opp til god standard.	Ja. Låge framtidige driftskostnader. Sterk reduksjon i bygningsmasse.	Høg	<b>Ja</b>

## 5 Skulestorleik, læringsmiljø og resultat

Dette kapitlet vurderer kva for strukturalternativ som kan reknast som reelle når ein legg til grunn dei minimumskrava som må vere oppfylte for å sikre kvalitet i opplæringa. Vurderingane byggjer på tre hovudkjelder: nasjonale føringar og forskning om skulestorleik og læringsmiljø, kvalitetsmeldinga for Suldal 2025 og berekraftvurderinga i vedlegg 5, særleg delmåla under Berekraftmål 4 – God utdanning.

Til saman seier kjeldene at ein skule må vere stor nok for å kunne gi elevane eit stabilt læringsmiljø og tilgang til den kompetansen dei har krav på. Poenget er ikkje å gjere skular større enn nødvendig, men å sikre at opplæringa er forsvarleg og likeverdig, også når elevtalet svingar over tid.

### 5.1 Minimumskrav til skulestorleik og læringsmiljø

#### 5.1.1 Nasjonale føringar

Privatskulelova krev minst 15 elevar for å behalde godkjenning. I fleire klagesaker har Kunnskapsdepartementet presisert at unntak berre kan gjerast i heilt særlege tilfelle. Grunngevinga er at svært små einingar gir sårbare læringsmiljø, både fagleg og sosialt. Skulen skal vere ein sosialiseringsarena der elevane møter jamaldra, får erfaring med samarbeid og utviklar sosial kompetanse.

Suldal kommune har i tillegg vedteke at ein ikkje skal ha udelte skular. Det er ei lokal presisering av same faglege vurdering: små einingar slit ofte med å halde oppe eit stabilt læringsmiljø når elevtalet varierer og lærarkapasiteten er sårbar.

#### 5.1.2 Forsking og nasjonale prøvar

Forskinga viser at det ikkje er storleiken i seg sjølv som avgjer kvaliteten, men kva slags rammer storleiken gir. Små einingar har ofte færre lærarar å spele på, mindre fagleg breidde og større utslag når ein lærar er borte. Dette samsvarar med nasjonale prøvar, der små trinn viser større variasjon og oftare ligg lågare enn større trinn. Mønsteret er stabilt over fleire år.

#### 5.1.3 Status i Suldal

Kvalitetsmeldinga for 2025 viser at Suldal har trygge miljø og gode overgangar, men òg fleire utfordringar. Læringsresultata varierer, og dei minste skulane er sårbare både fagleg og organisatorisk. Rekruttering er krevjande, og små fagmiljø gir større utslag når lærarar sluttar eller er borte. Dette gjeld særleg Nesflaten og Jelsa, som ligg under eller nær minimumsgrensa på 15 elevar. Marvik og Erfjord er større, men har strukturelle og faglege sårbarheiter som gjer dei lite robuste over tid.

## 5.2 Minimumskrav til fagmiljø, kompetanse og drift

### Fagmiljø og kompetanse

Berekraftvurderinga peikar på at kvalitet i opplæringa krev stabile fagmiljø, breidde i kompetanse, kapasitet til utviklingsarbeid, tilgang til støttetjenester og forsvarleg leiing. I små einingar blir mykje av kompetansen knytt til enkeltpersonar, og kapasiteten til utviklingsarbeid og spesialpedagogiske oppgåver blir raskt pressa. Kvalitetsmeldinga viser at kommunen alt i dag har utfordringar med rekruttering og bruk av dispensasjon frå kompetansekrav.

### Sårbarheit i små einingar

Erfaringane frå Suldal viser at små skular raskt blir sårbare når ein lærar er borte, når det kjem krevjande elevsaker eller når det trengst spesialpedagogisk kompetanse. Slike einingar har òg mindre kapasitet til systematisk utviklingsarbeid, noko som gjer det vanskeleg å halde oppe kvalitet over tid.

### **Berekraft over tid**

Berekraftmål 4 krev at strukturen skal vere robust nok til å sikre kvalitet også i framtida. Alternativ som baserer seg på små og sårbare einingar, oppfyller ikkje dette kravet.

## **5.3 Vurdering av alternativa**

### **Alternativ 0 – dagens struktur**

Nesflaten ligg under 15 elevar, Jelsa er på veg ned mot same nivå, og fleire einingar er små og sårbare. Læringsresultata varierer, og fagmiljøa er ustabile. Alternativet er ikkje reelt.

### **Alternativ 0+ Dagens struktur med oppgraderingar**

Oppgradering av bygg endrar ikkje læringsmiljø, fagmiljø eller sårbarheit. Strukturen står uendra, og dei små einingane blir verande like sårbare. Alternativet er ikkje reelt.

### **Alternativ 2a Nesflaten lagt ned**

Jelsa og Marvik er framleis små og sårbare einingar. Jelsa vil falle under 15 elevar innan få år. Alternativet er ikkje reelt.

### **Alternativ 2b Jelsa + Marvik til Kjølvik**

Nesflaten har framleis under 15 elevar, og Erfjord blir ståande som ei sårbar eining. Alternativet er ikkje reelt.

### **Alternativ 3 Nesflaten til Vinjar, Jelsa + Marvik til Kjølvik**

Alle einingar kjem over minimumsgrensa. Fagmiljøa blir meir robuste, og læringsmiljøa meir stabile. Sårbarheita blir redusert. Alternativet er reelt.

### **Alternativ 4 Tre oppvekstsenter**

Gir dei mest robuste einingane, med god tilgang til kompetanse, støttesystem og leiing. Best samsvar med berekraftmål 4. Gode overgangar barnehage – skule. Alternativet er reelt.

### **Alternativ 5 Marvik til Sand, Jelsa til Stølane, Nesflaten til Vinjar**

Dette alternativet fjernar dei mest sårbare einingane i sør og samlar elevane i større og meir stabile miljø. Sand, Stølane og Vinjar har kapasitet og fagmiljø som gjer at læringsmiljøa blir meir robuste, og risikoen for store utslag i resultat blir redusert. Gode overgangar barnehage – skule. Alternativet oppfyller minimumskrava og framstår som reelt.

### **Alternativ 6 Ny skule ved Tysingvatnet, Nesflaten til Vinjar**

Ein ny felles skule i sør gir store og stabile einingar med god fagleg og sosial kapasitet. Reisevegane blir noko lengre for enkelte elevar, men den samla faglege vurderinga er at strukturen er forsvarleg. Alternativet er reelt.

## 5.4 Samla vurdering

Alternativ	Robust læringsmiljø	Fagmiljø og kompetanse	Risiko for varierende læringsresultat	Reelt?
0	Nei	Nei	Høg	Nei
0+	Nei	Nei	Høg	Nei
2a	Låg	Låg	Moderat-høg	Nei
2b	Låg	Låg	Moderat-høg	Nei
3	Høg	God	Låg	Ja
4	Svært høg	Svært solid	Låg	Ja
5	Svært høg	God	Låg	Ja
6	Svært høg	God	Låg	Ja

Vurdert opp mot minimumskrava for skulestorleik, læringsmiljø, fagmiljø og berekraft, er det berre alternativa 3, 4, 5 og 6 som gir ein struktur som er robust nok til å sikre kvalitet og likeverd over tid. Alternativ 4 framstår som den mest balanserte og framtidsretta løysinga, særleg kopla mot parallell løysing for barnehagestruktur.

## 6 Kompetanse og robuste fagmiljø

Framtidig barnehage- og skulestruktur i Suldal må sikre eit kompetansegrunnlag som er stabilt over tid, og fagmiljø som er store nok til å handtere både kvardagsdrift og meir krevjande elevsaker. Kvalitetsmeldinga peikar på at sektoren har mange styrkar, men òg tydelege strukturelle sårbarheiter, særleg knytt til rekruttering, små fagmiljø og personavhengig drift. Berekraftvurderinga understrekar det same: kommunen treng ein struktur som gir robuste fagmiljø, stabil tilgang på kompetanse og forsvarleg leiing i alle delar av kommunen. Dette er bakgrunnen for minimumskrava som ligg til grunn for vurderinga av alternativa i dette kapittelet.

### 6.1 Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ

For at eit strukturalternativ skal reknast som forsvarleg og reelt, må alle minimumskrava under vere oppfylte. Krava er absolutte: dersom eitt eller fleire krav ikkje kan dokumenterast oppfylte over tid, skal alternativet takast ut av vidare vurdering.

#### 6.1.1 Kompetanse

Eit forsvarleg alternativ må gi eit kompetansegrunnlag som er stabilt over tid. Det inneber at hovuddelen av undervisningspersonalet har formell undervisningskompetanse, og at eventuelle avvik er kortvarige og knytte til konkrete rekrutteringsløp. Varig drift basert på dispensasjonar eller ufaglærte er ikkje forsvarleg. Kvalitetsmeldinga viser at Suldal har styrka kompetansen dei siste åra, men framleis har manglar i norsk, matematikk og engelsk, særleg på ungdomstrinnet.

#### 6.1.2 Profesjonsfelleskap og fagmiljø

Fagmiljøa må vere store nok til at undervisning, utviklingsarbeid og oppfølging ikkje blir personavhengig. Det krev eit kollegium med breidde i fag, kapasitet til felles praksisutvikling og rom for systematisk kvalitetsarbeid. I vedlegg 5 blir det understreka at kvalitet krev tid, kapasitet og kompetanse, faktorar som er vanskelege å sikre når einingar er små og sårbare.

#### 6.1.3 Laget rundt eleven

Laget rundt eleven må vere til stades i kvardagen. Helsesjukaer, PPT og andre støttetjenester må ha kapasitet til både førebygging, systemarbeid og oppfølging av enkeltsaker. Dersom strukturen blir for spreidd, vil støttetjenestene i praksis bruke for mykje tid på reise og mindre på arbeid med elevane. Både kvalitetsmeldinga og berekraftvurderinga peikar på at tett tverrfagleg samarbeid er ein styrke i Suldal, t.d. gjennom BTI. Ein struktur som svekkjer dette, vil ikkje vere berekraftig.

#### 6.1.4 Leiing

Leiinga må vere nær og tilgjengeleg, med tid til pedagogisk leiing, personaloppfølging og kvalitetsarbeid. Resultateiningsmodellen gir stort ansvar og handlingsrom, og føreset at einingane er dimensjonerte slik at leiinga faktisk kan utøvast forsvarleg. Strukturalternativ som byggjer på einslege rektorar med svært små fagmiljø og stort geografisk ansvar, ligg i risikosona. Det må også vere samsvar mellom struktur og

overordna kommunal skule- og barnehageleiing til å kunne følgje opp kvalitetsarbeidet i dei einssilde einingane innan oppvekstsektoren i kommunen.

## 6.2 Vurdering av alternativ i lys av minimumsstandardane

På bakgrunn av minimumskrava over blir alternativa vurderte slik:

Alternativ	Kompetansegrunnlag	Fagmiljø og leiing	Laget rundt eleven	Vurdering
0	Varig sårbar kompetanse, små einingar, høg risiko for dispensasjon/ufaglærte	Svært små kollegium, einsleg leiing, personavhengig drift	Lite nærvær frå støttetenester, spreidd ressursbruk	Ikkje reelt eller forsvarleg
0+	Betre bygg, men same kompetanse- og rekrutteringsutfordringar	Små fagmiljø, einsleg leiing	Lite nærvær frå støttetenester, spreidd ressursbruk	Ikkje reelt eller forsvarleg
2a/2b	Framleis små og sårbare einingar, avgrensa rekrutteringskraft	Fagmiljø under nedre grense for robustheit, lite leiartid	Støttetenestene må dekke mange små einingar	Ikkje reelle eller forsvarlege
3	Betre føresetnader for stabil kompetanse og rekruttering	Større og meir robuste fagmiljø, moglegheit for leiarteam	Støttetenestene kan organiserast tettare på elevane	Reelt og forsvarleg
4	Klart styrka kompetansegrunnlag og rekrutteringskraft, god samanheng med bhg-struktur	Svært robuste fagmiljø, gode vilkår for utviklingsarbeid, overgangar og leiing	God tilgjenge og systematisk førebygging, samla sett færrest einingar å følgje opp innan oppvekst	Reelt og forsvarleg
5	Gode føresetnader for stabil kompetanse og rekruttering	Robuste einingar	Effektiv organisering av støttetenester, tett på elevane	Reelt og forsvarleg
6	Store og samla fagmiljø, særleg i sør, gode føresetnadar for rekruttering	Svært robuste fagmiljø og leiarteam, god rekrutteringskraft	Effektiv organisering av støttetenester, tett på elevane	Reelt og forsvarleg

Alternativ 3–6 gir større og meir robuste einingar, med betre føresetnader for fagmiljø med breidde og djupne, leiarteam og støttetenester som er tett på elevane. Dei svarar på hovudutfordringa som både kvalitetsmeldinga og berekraftvurderinga peikar på: å sikre tilstrekkeleg kompetanse, stabile fagmiljø og eit lag rundt eleven som kan levere kvalitet over tid. Desse alternativa oppfyller difor minimumsstandarden for reelle og forsvarlege strukturalternativ.

## 7 Reiseveg og tryggleik

Reiseveg og tryggleik er ein del av minimumsstandardane for kva som kan reknast som reelle skulestrukturalternativ i Suldal. Vurderingane må byggje på lovverket om skuleskyss, politiske føringar om normert reisetid og det faktiske risikobiletet på vegnettet. Samstundes må reiseveg alltid vegast opp mot andre omsyn i ei samla vurdering av barns beste – særleg større og meir robuste læringsmiljø, betre tilgang til støttetjenester og ei drift som er berekraftig over tid.

I vedtak K-090/25 er det slått fast at reiseveg skal vurderast etter normert reisetid dør til dør: – 45 minutt for 1.–4. trinn – 60 minutt for 5.–7. trinn – 75 minutt for 8.–10. trinn

Dette er normalt, ikkje absolutte grenser. Kommunedirektøren understrekar at vurderinga må ta utgangspunkt i eit gjennomsnitt over tid, ikkje enkeltadresser eller enkeltår. Skyssen skal vere forsvarleg både i organisering og reisetid, og vurderinga skal ta omsyn til tryggleik langs skulevegen, lengda på skulevegen, transportbyte og alder og funksjonsevne hos elevane.

Tryggleiksperspektivet er skjerpa av at Suldal er ein kommune med mykje skred- og steinsprangproblematikk. I tryggleiksnotatet blir det slått fast at «Suldal er særleg utsett for steinsprang og skred, noko som er registrert på nesten alle hovudveggar i kommunen». Samstundes er Statens vegvesen vegmynde, og kommunen skal ikkje overprøve deira vurderingar av når ein veg er trygg nok til å vere open. Premisset er tydeleg: risikoen er reell, men må handterast gjennom nasjonale akseptkriterium, sikringstiltak og operative vurderingar, ikkje gjennom lokale definisjonar av «uforsvarleg veg».

ROS-analysen frå 2025 viser at dagens struktur allereie inneber omfattande bruk av skyss og farleg skuleveg. I skuleåret 2024/25 hadde 263 av 511 elevar vedtak om skuleskyss, og 60 av desse hadde skyss på grunn av farleg skuleveg. Ved Erfjord og Marvik har om lag alle elevar rett på skyss. Dette viser at ein desentralisert struktur ikkje automatisk gir korte og trygge skuleveggar; i Suldal bind dagens struktur mange elevar til buss på smale, uoversiktlege og delvis rasutsette veggar.

På denne bakgrunnen blir minimumsstandardane for reiseveg og tryggleik formulerte slik:

- hovuddelen av elevane må ha reisetid innanfor dei normerte rammene over tid, særleg dei yngste
- skyssen må kunne organiserast utan urimeleg mange byte og ventetider
- alternativet må ikkje innebere ein systematisk og vesentleg auke i eksponering for veggar med høg skredfaktor utan realistiske avbøtande tiltak
- reiseveg må vurderast i samheng med læringsmiljø, fagmiljø og drift.

### 7.1 Rettsleg og fagleg ramme for reiseveg og tryggleik

Opplæringslova og Udir sitt rundskriv om skuleskyss slår fast at elevar kan ha rett til skyss på grunn av lang skuleveg, særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, behov for båttransport eller nedsett funksjonsevne. Avstandskrava er 2 km for 1. trinn og 4 km for 2.–10. trinn. Skyssen skal vere forsvarleg, og «den totale reisetida» omfattar både gangtid, transporttid og ventetid.

Kommunedirektøren har konkretisert dette i Suldal-kontekst gjennom normerte reisetider og ei tydeleg vektlegging av barns beste. Reiseveg skal ikkje vurderast isolert, men i samheng med læringsmiljø og fagmiljø. Det blir formulert slik: «Reisevegen må også vegast opp mot mellom anna større og betre læringsmiljø og betre tilgang på støttetjenester i ei barns beste vurdering.»

Tryggleiksnotatet utdjuvar risikobiletet knytt til skred og vinterforhold. Suldal har 15 registrerte skredpunkt på riksvegnettet, mellom anna Rødsliane med høg skredfaktor og fleire punkt langs strekninga Nesflaten–Suldalsosen. Fleire fylkesveggar har òg høg eller middels skredfaktor. Desse dataa blir brukte til å vurdere korleis alternativa endrar talet på elevar som dagleg må gjennom slike punkt.

ROS-analysen viser at kommunen har etablerte rutinar for å handtere stengingar, mellom anna digital heimeundervisning. Analysen er ei grovvurdering, men gir eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere sårbarheit på eit overordna nivå.

## 7.2 Vurdering av alternativa

### Alternativ 0 og 0+: Dagens struktur med og utan oppgradering

Dagens struktur gir kortast reiseveg for flest elevar, men inneber samstundes eit stort tal farlege skuleveggar. Ved Erfjord og Marvik har om lag alle elevar skyss, og mange har skyss på grunn av farleg skuleveg. Alternativet minimerer eksponeringa for dei mest rasutsette strekningane, men opprettheld ein sårbar struktur med mange små einingar og mykje skyss. Reiseveg og tryggleik er forsvarleg isolert sett.

### Alternativ 2a: Nesflaten til Vinjar

Reisetida frå Nesflaten til Vinjar er om lag 30 minutt, med 15–20 minutt ekstra for dei som bur lengst unna. Hovuddelen av elevane kan haldast innanfor normtala, særleg med direkteskyss for dei yngste. Strekninga Nesflaten–Suldalsosen har fleire skredpunkt, men desse er kategoriserte som låg skredfaktor. Risikoen aukar noko fordi fleire elevar må gjennom strekninga, men ligg innanfor det som kan akseptrast. Alternativet er forsvarleg på reiseveg og tryggleik.

### Alternativ 2b: Jelsa og Marvik til Kjølvik

Ropeidhalvøya får kortare reiseveg, medan Jelsa får vesentleg lengre reiseveg og må nytte båt. Båtskyss er trygg, men krev tilførselsruter, koordinering og drift. Det er eit kostbart avbøtande tiltak, men fagleg forsvarleg. Tryggleiksnotatet vurderer alternativet til middels måloppnåing. Alternativet er forsvarleg, men med ein tydeleg ulempe for Jelsa-elevane.

### Alternativ 3: Nesflaten til Vinjar, Jelsa/Marvik til Kjølvik

Kombinerer 2a og 2b. Nesflaten og Jelsa får lengre reiseveg, Marvik får kortare. Risikoeksponeringa aukar for Nesflaten, men blir redusert for Ropeidhalvøya. Alternativet ligg innanfor det forsvarlege, men er ikkje optimalt.

### Alternativ 4: Tre oppvekstsenter (Vinjar, Stølane, Kjølvik) og Sand 1–10

Dette alternativet gir den største samla reduksjonen i skyssbehov. Flytting av Erfjord skule til Stølane gjer at langt fleire kan gå eller sykle, og reiseavstandane i sør blir kortare. Skyssnotatet anslår at 22 færre elevar enn i dag vil trenge skyss.

For Nesflaten og Jelsa er biletet som i alternativ 3: lengre reiseveg og meir skyss. Jelsa-elevane får båtskyss til Kjølvik. Båtskyss er trygg og gir ein reell tryggleiksgevinst samanlikna med buss, men er eit kostbart og organisatorisk krevjande tiltak. Det må difor reknast inn som ein del av driftsbiletet.

Samla sett reduserer alternativet eksponeringa for skredpunkt for mange elevar, og dei negative utslaga for Jelsa og Nesflaten fell ikkje utanfor det som kan akseptrast i ei samla vurdering. Alternativ 4 er det mest balanserte og robuste alternativet på reiseveg og tryggleik.

### Alternativ 5: To oppvekstsenter (Vinjar, Stølane) og Sand 1–10

Dette alternativet gir dei lengste reisevegane i sør. Ropeidhalvøya får reisetider på 55–65 minutt, og mange elevar må gjennom Rødsliane dersom ein vel buss. Tryggleiksnotatet vurderer alternativet til låg måloppnåing. Båt frå Hebnes til Sand vil redusere risikoen, men kostar om lag 4 millionar kroner årleg og krev fleire byte. Alternativet kan berre reknast som forsvarleg dersom kommunen er villig til å etablere slike tiltak.

### Alternativ 6: Vinjar, Sand 1–10 og ny barneskule ved Tysingvatnet

Reisetida kan haldast innanfor normtala for mange elevar, særleg med direkteskys for dei yngste. Ropeidhalvøya får betre tryggleik enn ved buss til Sand. For Erfjord blir situasjonen motsett: elevane må gjennom fleire skredpunkt, og risikoeksponeringa aukar. Rødsliane tunnel vil ikkje løyse dette, då strekninga mot Tysingvatnet ikkje blir sikra. Alternativet kan berre reknast som forsvarleg dersom ein legg stor vekt på dei andre kvalitetsgevinstane og aksepterer ein noko høgare risikoprofil.

## 7.3 Samla vurdering og minimumsstandardar

Reiseveg er eit av dei mest krevjande vurderingstema i Suldal. Det handlar ikkje berre om minutt i buss eller båt, men om korleis kvardagen faktisk blir for elevane: tryggleik langs veg, eksponering for skredpunkt, ventetid, byte og kor mykje av dagen som går med til transport. Temaet har også hatt mykje fokus i fleire av høyringsinnspela.

Når ein legg dette til grunn, viser analysen at ingen alternativ gir høg måloppnåing på reiseveg og tryggleik. Dagens struktur har kortast reiseveg for flest, men samstundes eit høgt tal elevar med farleg skuleveg. Alternativ 2a og 2b gir moderate endringar, men liten strukturell effekt. Alternativ 3 og 4 gir ein betre balanse mellom reiseveg, tryggleik og strukturell gevinst. Alternativ 5 og 6 gir større utfordringar, men òg sterke faglege og økonomiske gevinstar.

### 7.3.1 Minimumsstandardar – kva må vere på plass for at eit alternativ skal vere reelt?

#### Minimumsstandardar for barns beste



Stabile og tilstrekkeleg store elevmiljø



Robust fagmiljø og kvalifiserte lærarar



Trygge, funksjonelle og lovlege bygg



Reell tilgang til støttetjenester



Forsvarleg reiseveg



Dokumentert medverknad og etterprøvbar vurdering

1. Reisetid for dei yngste må liggje nær eller innanfor normerte rammes over tid. Alternativ 4 kjem nærast desse rammene. Alternativ 5 og 6 krev avbøtande tiltak
2. Auken i tal elevar som må gjennom vegar med høg skredfaktor må vere rimeleg og handterbar. Alternativ 4 reduserer samla eksponering. Alternativ 5 og 6 aukar risikoen utan tiltak.
3. Reiseveg må vurderast i samanheng med læringsmiljø og fagmiljø. Noko lengre reiseveg kan akseptrast dersom gevinsten i kvalitet er stor.

## 7.4 Oppsummerande tabell – reiseveg og tryggleik

Alternativ	Reiseveg	Tryggleik	Avbøtande tiltak	Vurdering
0 / 0+	Kortast reiseveg for flest	Mange farlege skuleveggar lokalt	–	Middels
2a	Lengre reiseveg for Nesflaten	Auka eksponering for skredpunkt	Direkteskyss	Middels
2b	Jelsa får vesentleg lengre reiseveg	Båt trygg, men krev byte	Båt og tilførselsruter	Middels
3	Lengre reiseveg for Nesflaten og Jelsa	Betre tryggleik i sør	Båt for Jelsa	God
4	Lengre reiseveg for Nesflaten og Jelsa	Betre tryggleik i sør, færre gjennom skredpunkt	Båt for Jelsa (kostbart, men trygt)	Best samla
5	Lengst reiseveg for Ropeidhalvøya	Auka eksponering for skredpunkt	Båt eller direkteskyss	Låg–middels
6	Auka reiseveg for fleire	Betre for Ropeid, dårlegare for Erfjord	Direkteskyss	Låg–middels

## 8 Barns beste

Barns beste er eit gjennomgåande vurderingstema i heile utgreiinga og eit av minimumskrava for at eit strukturalternativ kan reknast som reelt. Vurderinga må vere konkret, etterprøvbar og vise korleis ulike alternativ verkar inn på tryggleik, læringsmiljø, sosialt miljø og tilgang til kompetanse og støttetenester. Dette er i tråd med Nordlandsforskning si utgreiing om barns-beste-vurderingar i skulestruktur, der det blir understreka at kommunar ikkje blir felt på *utfallet*, men på *mangelfull vurdering og dokumentasjon*.

Barns beste må vurderast både for elevgrupper og for kommunen som heilskap. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til at eit alternativ er «godt for dei fleste»; kommunen må òg synleggjere korleis ein handterer dei elevgruppene som får ulemper, og kvifor desse ulempene likevel kan akseptast i ei samla vurdering.

### 8.1 Rettsleg og fagleg ramme

Barnekonvensjonen artikkel 3 og opplæringslova § 1-3 slår fast at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle avgjerder som gjeld barn. Nordlandsforskning peikar på tre krav som må vere oppfylte:

1. Vurderinga må vere konkret og knytt til faktiske forhold, ikkje generelle påstandar om «små skular» eller «store skular».
2. Barn må høyrast, og synspunkta deira må vektast.
3. Kommunen må grunngje dersom ein vel eit alternativ som er dårlegare for nokre barn.

I tillegg må vurderinga byggje på forsking om læringsmiljø, fagmiljø og reiseveg. Forskingsgrunnlaget viser mellom anna at små og ustabile elev- og fagmiljø gir større sårbarheit, mindre systematikk og svakare tilgang til kompetanse. Dette samsvarar med funn i Suldal si kvalitetsmelding og berekraftanalyse.

### 8.2 Forskingsgrunnlag knytt til barns beste

#### Læringsmiljø og fagmiljø

Forskinga viser at kvaliteten på undervisninga og styrken i profesjonsfellesskapet har stor betydning for elevane. Små fagmiljø gir:

- sårbarheit ved fråvær og utskiftingar
- meir bruk av dispensasjonar frå kompetansekrav
- mindre systematikk i vurderingsarbeid og tidleg innsats
- svakare kollegabasert rettleiing

Dette er særleg relevant i Suldal, der fleire einingar har svært få lærarar og høg personavhengigheit.

#### Tilgang til støttesystem

PPT, skulehelsetenesta og spesialpedagogiske tenester får betre arbeidsvilkår når dei møter større fagmiljø og fleire elevar på same stad. Små einingar gir mindre kontinuitet og meir fragmentert oppfølging.

#### Reiseveg og kvardag

Reiseveg påverkar kvardagen, men må vurderast i samanheng med kvaliteten på skuletilbodet. Kommunedirektøren sitt skyssnotat understrekar at reiseveg må vegast opp mot læringsmiljø og tilgang til støttetjenester. I Suldal er tryggleik særleg relevant på grunn av skredpunkt og farlege skuleveggar i dagens struktur.

## 8.3 Operasjonalisering av minimumsstandardar

For at eit alternativ skal vere reelt og forsvarleg, må det oppfylle desse minimumsstandardane:

### 1. Elevmiljø og sosial robustheit

Barn treng jamaldringar, variasjon og stabilitet. Små og ustabile elevgrupper gir større sosial sårbarheit og mindre rom for differensiering. Privatskulelova § 2-2 tredje ledd (minimum 15 elevar) er ikkje bindande for kommunale skular, men gir eit relevant normgrunnlag.

Minimum: Elevmiljøet må vere stort nok til å gi sosial variasjon og stabilitet over tid.

### 2. Læringsmiljø og fagmiljø

Fagmiljøet må vere stort nok til å sikre breidde i kompetanse, stabilitet og profesjonsfellesskap. Einingar som krev kontinuerlege dispensasjonar eller ikkje kan sikre breidde i fagmiljøet, fell utanfor.

Minimum: Fagmiljøet må vere robust og ha breidde i kompetanse.

### 3. Tilgang til støttesystem (PPT, skulehelseteneste, spesialpedagogikk)

Strukturen må gi reell og systematisk tilgang til støttetjenester. Små einingar gir mindre kontinuitet og meir personavhengig oppfølging.

Minimum: PPT og skulehelsetenesta må kunne arbeide regelmessig og effektivt.

### 4. Reiseveg og tryggleik

Hovuddelen av elevane på 1.–4. trinn skal ha reisetid som ligg nær eller innanfor normtala over tid. Reiseveg skal ikkje innebere ein urimeleg auke i eksponering for vegar med høg skredfaktor utan realistiske tiltak.

Minimum: Reiseveg og tryggleik må vere forsvarleg og handterbar.

### 5. Bygg, drift og berekraft

Bygga må vere trygge og eigna, og kommunen må ha realistisk evne til å halde dei ved like. Strukturen må vere berekraftig over tid.

Minimum: Bygg og drift må vere forsvarlege og berekraftige.

## 8.4 Vurdering av alternativa opp mot minimumsstandardane

Nedanfor er ei samla vurdering av korleis **alle alternativa (0, 0+, 2a, 2b, 3, 4, 5, 6)** skårar opp mot minimumsstandardane.

### Kåring av alternativa opp mot minimumsstandardane

Alternativ	Elevmiljø	Fagmiljø	Støttesystem (PPT, skulehelse)	Reiseveg og tryggleik	Bygg og drift	Samla vurdering
<b>0 Dagens struktur</b>	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Minimum oppfylt	Under minimum	<b>Ikkje forsvarleg</b>
<b>0+ Oppgradert struktur</b>	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	<b>Ikkje forsvarleg</b>
<b>2a Nesflaten til Vinjar</b>	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Minimum oppfylt	Under minimum	<b>Ikkje reelt</b>
<b>2b Jelsa/Marvik til Kjølvik</b>	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Minimum oppfylt (båt)	Under minimum	<b>Ikkje reelt</b>
<b>3 Nesflaten til Vinjar, Jelsa/Marvik til Kjølvik</b>	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	<b>Reelt og forsvarleg</b>
<b>4 Vinjar, Stølane, Kjølvik + Sand 1–10</b>	Over minimum	Over minimum	Over minimum	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	<b>Best samla alternativ</b>
<b>5 Vinjar, Stølane + Sand 1–10 (Marvik til Sand)</b>	Minimum oppfylt (med tiltak)	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt (med tiltak)	Minimum oppfylt	<b>Reelt med tiltak</b>
<b>6 Vinjar, Sand 1–10 + Tysingvatnet</b>	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt (med tiltak)	Minimum oppfylt	<b>Reelt med tiltak</b>

«Med tiltak» i tabellen viser til avbøtande tiltak som er vurdert som realistiske og nødvendige for å oppfylle minimumsstandardane (t.d. båttransport frå Hebnes i alt. 5 og direktekyss/risikoreduserande tiltak for Erfjord i alt. 6).

## 8.5 Oppsummering

Barns beste handlar om heilskap: tryggleik, læringsmiljø, sosialt miljø og tilgang til kompetanse. Når ein veg alle moment saman, er det særleg alternativ 4, og i noko mindre grad 3, 5 og 6, som gir eit forsvarleg og framtidsretta tilbod. Alternativ 5 og 6 krev avbøtande tiltak for å vere innanfor minimumsstandardane, medan alternativ 3 og 4 oppfyller dei utan tiltak. Alternativ 0, 0+, 2a og 2b fell utanfor minimumsstandardane og kan ikkje reknast som reelle.

## 9 Kjelder

### Lov- og forskriftsgrunnlag

Opplæringslova. (2023). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (LOV-2023-06-09-30)*. Lovdata. <https://lovdata.no>

Forskrift om miljø og helse i barnehagar og skolar (FOR-2023-03-28-449). (2023). Lovdata. <https://lovdata.no>

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa*. Udir. <https://udir.no>

Utdanningsdirektoratet. (u.å.). *Retten til eit trygt og godt skulemiljø*. Udir. <https://udir.no>

### Kommunale og prosjektinterne dokument

Norconsult. (2024). *Tilleggsutgreiing – Barnehage- og skulebruksplan Suldal. Hovudrapport*. Oppdragsnr. 52601029.

Norconsult. (2024). *Berekraftanalyse – Suldal kommune. Delrapport i barnehage- og skulebruksplanen*. Oppdragsnr. 52601029.

Norconsult. (2024). *ROS-analyse – Skulestruktur Suldal kommune*. Oppdragsnr. 52601029.

Norconsult. (2024). *Eignaheitsvurderingar av skulebygg – Suldal kommune*. Oppdragsnr. 52601029.

Norconsult. (2024). *Prissette konsekvensar av strukturalternativ – Vedlegg 1*. Oppdragsnr. 52601029.

Suldal kommune. (2024). *Kvalitetsmelding for grunnskolen 2024*.

Suldal kommune. (2025). *Kvalitetsmelding for grunnskolen 2025*.

### Forskingskjelder om barns beste, skulestruktur, fagmiljø og læringsmiljø

Bjørnset, M., & Wendelborg, C. (2020). *Barns beste ved skulestrukturendringar*. Nordlandforskning. <https://nordlandforskning.no>

Wendelborg, C., & Caspersen, J. (2019). *Små skular, læringsmiljø og elevresultat*. Nordlandforskning.

Wendelborg, C. (2021). *Konsekvensar for barn ved endringar i skulestruktur*. Nordlandforskning.

Nordahl, T. (2022). *Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring (Skriftserien 9–2022)*. Høgskolen i Innlandet / SePU.

OECD. (2008). *TALIS 2008: Teaching and Learning International Survey*. OECD Publishing.

Pont, B., Nusche, D., & Moorman, H. (2008). *Improving school leadership (Vol. 1–2)*. OECD Publishing.

Robinson, V. M. J., Lloyd, C., & Rowe, K. (2008). *The impact of leadership on student outcomes*. Educational Administration Quarterly, 44(5), 635–674.

Telemarkforskning. (2026). *Årsaker til og konsekvensar av skulenedlegging i norske kommunar*. Telemarkforskning.